



DET KONGELEGE DIGITALISERINGS- OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

Norges forskningsråd
Postboks 564
1327 LYSAKER

Dykkar ref

Vår ref
24/545-21

Dato
8. januar 2025

Tildelingsbrev 2025 – Noregs forskingsråd

1. Innledning

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) gir i dette tildelingsbrevet styringssignal og tildeler midlar til Noregs forskingsråd (Forskingsrådet) for 2025. Vi viser til Prop. 1 S (2024–2025), og Innst. 16 S (2024–2025) vedtatt i Stortinget 17. desember 2024. DFD viser også til tildelingsbrev til Forskingsrådet frå Kunnskapsdepartementet (KD) som etatsstyrande departement.

2. Mål, strategiske område og styringsinformasjon for Noregs forskingsråd

Forskingsrådet har fem mål:

- Mål 1: Auka vitskapleg kvalitet
- Mål 2: Auka verdiskaping i næringslivet
- Mål 3: Møte store samfunnsutfordringar
- Mål 4: Eit velfungerande forskningssystem
- Mål 5: God rådgeving

Vi viser også til KD sitt tildelingsbrev som etatsstyrar for nærare omtale av mål, strategiske område og styringsinformasjon.

2.1. Sektorpolitiske prioriteringar frå DFD

Tildelingane frå DFD til Forskingsrådet skal i særleg grad medverke til måloppnåing under mål 2: Auka verdiskaping i næringslivet og mål 3: Møte store samfunnsutfordringar. DFD er opptatt av forskning som medverkar til innovasjon i offentleg sektor, ei forvaltning bygd på demokrati, rettstryggleik, integritet og effektivitet, IKT-forskning og digitalisering. Midlane skal

Postadresse
Postboks 8004 Dep
0030 Oslo
postmottak@dfd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.dfd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
932 384 469

Avdeling
Avdeling for styring og
organisasjon

Saksbehandlar
Victoria Croff
Dreyer
22 24 71 82

medverke til langsiktig kompetanse- og kunnskapsoppbygging innanfor ansvarsområda til DFD. Løyvingane skal underbygge og gje eit godt grunnlag for fagleg utvikling av forvaltninga, og medverke til at det finst kompetente forskingsmiljø innanfor departementet sitt sektoransvar. Dette omfattar også vidareføring av pågåande innovasjonstiltak i kommunesektoren.

Tildelinga skal medverke til å utvikle kunnskapsgrunnlaget for og innovasjon i offentleg sektor på alle nivå. Løyvinga skal bidra til å dekke behov for langsiktig oppbygging av kunnskap innanfor IT-forsking og forskning på elektronisk kommunikasjon i regi av Noregs forskingsråd.

Forskningsrådet skal i forbindelse med porteføljestyringa følgje opp føringane i tildelingsbreva frå departementa i tilskotsverksmeden, jf. Verksmeden- og økonominstruks for Noregs forskingsråd.

2.2. Styringsinformasjon

Når det gjeld omtale av styringsinformasjon for dei fem måla, viser vi til KD sitt tildelingsbrev som etatsstyrar, punkt 2 Mål, strategiske områder og styringsinformasjon.

Styringsinformasjon (dvs. ulike dimensjonar) knytt til sektoransvaret går fram av krav til rapportering for årsrapport 2025 (departementsvise rapporter) jf. vedlegg 1 til KD sitt tildelingsbrev. Vi viser til punkt 5. Rapportering i dette tildelingsbrevet for presisering av dei sektorpolitiske prioriteringane DFD ventar at Forskningsrådet skal rapportere på.

3. Tildeling for 2025

For 2025 tildeles Forskningsrådet totalt 133,518 mill. kroner. Forskningsrådet har fullmakt til å disponere midlane innanfor tilsegnsramme på kvar enkelt post og i tråd med styringssignala som kjem fram av tildelingsbrevet. Forskningsrådet har ansvar for å prioritere innanfor tildelinga for å nå måla. Departementet tek atterhald om at Stortinget kan vedta budsjettendringar i løpet av 2025. Avvik frå spesifikke føringar i tildelingsbrevet og / eller vesentlege omdisponeringar skal alltid takast opp med departementet som tildeler midlar.

Noregs forskingsråd skal frå 2025 bruttobudsjetterast. Løyvinga flyttast frå kap. 1500, post 50 til kap. 1500, ny post 71. Det betyr at løyvingane som går til forskingsformål i Forskningsrådet er på éin post, på kap. 1500, post 71. Løyvingane som går til gjennomstrøymingsmidlar via Forskningsrådet er overført til kap. 1500, ny post 51 Gjennomstrøymingsmidlar til forskingsinstitutt.

Kap. 1500, post 71 Noregs forskningsråd	<i>Mill. kroner</i>
<i>Løyving</i>	83,2
<i>Tilsegnsfullmakt</i>	231,2
<i>Tilsegnsramme</i>	113,2

3.1. Forskningsmidlar til Noregs forskingsråd m.m.

DFD stiller 83,240 mill. kroner til disposisjon for Forskningsrådet på kap. 1500, post 71 til ulike forskningsformål. DFD legg til grunn at satsinga på IT-forskning og forskning på forvaltninga blir vidareført på dagens nivå. Løyvinga skal dekke DFD sitt behov for langsiktig kunnskapsoppbygging i regi av Noregs forskingsråd.

3.2. Gjennomstrøymingsmidlar til forskingsinstitutt

DFD stiller 50,278 mill. kroner til disposisjon for Forskningsrådet på kap. 1500, post 51 til gjennomstrøymingsmidlar.

Gjennomstrøymingsmidlar er definert som grunnløyving som går via Forskningsrådet til forskingsinstitutt. Løyvinga inkluderer finansiering av Simula Research Laboratory som går gjennom Forskningsrådet. Dette inkluderer ei grunnfinansiering og finansiering av følgjande forskningssenter: Robuste nett-senter (CRNA), Simula UiB og Effektiv Digitalisering av Offentlig Sektor (EDOS).

Simula driv grunnleggande langsiktig forskning på utvalde område innanfor programvare og kommunikasjonsteknologi. Via Forskningsrådet får Simula ei grunnfinansiering og støtte til forskningssentera CRNA og Simula UiB frå DFD. CRNA produserer mellom anna ein årleg rapport om norske mobilnett. Simula UiB utdannar kryptologar. Det er ein føresetnad for at Simula UiB og CRNA får stønad frå departementet at arbeidet blir evaluert jamleg og at resultatane er gode. Neste evaluering er i gang, og sluttrapporten er venta rundt årsskiftet 2024/2025.

Midlane skal bidra til forskning på elektronisk kommunikasjon, både når det gjeld tryggleik, teknologiske, næringsmessige og samfunnsmessige forhold. Viktige tema kan vere forskning på 5G og 6G, tinga sitt internett, samfunnstryggleik, transportnett og kjernenett, samt nasjonal og regional autonomi.

Forskningsprogrammet EDOS skal bidra til å analysere informasjon om digitalisering i offentlig sektor, og med å skaffe og spreie kunnskap om korleis offentlig sektor kan lykkast betre med å sikre gevinstar av digitaliseringsinvesteringar og unngå kostnadsoverskridingar.

Midlane blir fordelt slik:

<i>Satsingar</i>	<i>Budsjett (tal i 1 000 kr)</i>
CRNA	14 145
Simula UiB	5 878
SIMULA - Grunnløyving	24 071
EDOS	6 184
<i>Sum</i>	<i>50 278</i>

3.3. Oppfølging av norsk deltaking i Programmet for et digitalt Europa (DIGITAL)

DFD stiller 1 mill. kroner til disposisjon for Forskningsrådet på kap. 1541, post 22 til oppfølging av norsk deltaking i Programmet for et digitalt Europa (DIGITAL).

Det er vedteke at Digitaliseringsdirektoratet, Innovasjon Noreg og Noregs forskingsråd saman har det daglege ansvaret for oppfølging av norsk deltaking i DIGITAL. Midlane som tildeles til Noregs forskingsråd skal nyttast til drift av nasjonalt koordineringspunkt for DIGITAL. Framtidige finansieringsbehov for denne oppgåva blir behandla som del av dei ordinære budsjettprosessane.

DFD har det overordna ansvaret for å koordinere oppfølginga av norsk deltaking i DIGITAL og leier ei styringsgruppe for dette. Styringsgruppa skal brukast aktivt for å etablere effektiv mobilisering til, og oppfølging av, norsk deltaking i DIGITAL.

DFD avklarar i samråd med Noregs forskingsråd forholdet mellom styringsgruppa for DIGITAL og den ordinære styringsdialogen.

4. Driftsmidlar

Driftsmidlane over Kunnskapsdepartementets (KD) sitt kap. 285, post 01 og post 21 skal dekkje alle utgifter til drift av verksemda til Forskningsrådet, dvs. alle kostnader som ikkje er tilskotsmidlar som skal fordelast vidare.

DFD viser til tildelingsbrev frå KD som etatsstyrar for nærare framstilling av kva tenester Forskningsrådet skal ivareta for departementa innan ramma av midlane på postane for verksemdskostnader.

5. Rapportering

5.1 Årsrapport

DFD ber om rapportering på dei sektorpolitiske prioriteringane som følgjer av omtalen av kap. 1500, post 71 i dette tildelingsbrevet. De sektorpolitiske prioriteringane er utdjupa i punkt 2.1 i dette tildelingsbrevet. Rapporteringa på bruk av midlane skal skje i tråd med krav til årsrapport, sjå vedlegg til Kunnskapsdepartementets brev som etatsstyrar.

5.2 Innspill til de årlege statsbudsjettmilepælene

Forskningsrådet er frå og med 1. januar 2025 bruttobudsjettetert med tilsegnfullmakter. Forskningsrådet skal i samband med førebuingane til dei årlege statsbudsjettmilepælene utarbeide anslag for tilsegnsramme, tilsegnfullmakt, løyving, samt synleggjere oversikt over samla fleirårige forpliktingar per tilskotspost. Det blir vist til pkt. 5.3 i tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementets som etatsstyrar for 2025, om innspill til dei årlege statsbudsjetta, inkludert leveransar av innspel og tilhøyrande fristar.

6. Styringsmøte

DFD, i samråd med Forskingsrådet, vurderer om det er behov for eit oppfølgingsmøte etter den skriftlege tilbakemeldinga på årsrapporten. Departementet vil gjennomføre eit styringsmøte hausten 2025 konsentrert om forslag til budsjett, utkast til tildelingsbrev og annan viktig informasjon i tråd med ønskje frå Forskingsrådet.

Med helsing

Christoffer Sandvik Engelsøy
ekspedisjonssjef

Victoria Croff Dreyer
fyrstekonsulent

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Kunnskapsdepartementet
Riksrevisjonen